

DELEGASJONSREGLEMENT FOR SULA KOMMUNE

INNHALD	side
A. ROLLER.....	2
1. Generell innleiing.....	2
2. Organisatorisk oppbygging i Sula kommune.....	2
B. DELEGASJON.....	6
1. Kommunestyret sitt mynde.....	6
2. Delegasjon – felles reglar.....	8
3. Delegasjon til formannskapet (også planutvalet).....	9
4. Delegasjon til ordføraren.....	11
5. Delegasjon til fagutvala.....	12
6. Delegasjon – Interkommunalt samarbeid.....	15
7. Delegasjon til rådmannen.....	16

A. ROLLER

1. GENERELL INNLEIING

Kommunestyret er etter kommunelova sin [§ 6](#) det øvste kommunale organ og gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.

Dette reglementet regulerer avgjerslemyndet til dei folkevalde organ, andre kollegiale organ og rådmannen. Rådmannen treffer sjølv avgjerd om vidaredelegasjon av delegert mynde til administrasjonen. Reglementet er fastsett i medhald av kommunelova sine reglar og i medhald av særlover for utøving av kommunal mynde. Reglane i særlov vert nemnt eksplisitt for vedkomande organ.

I saker der mynde er delegert til eit kollegialt organ, kan 2 medlemer, ordførar eller rådmann innan møtet er slutt, forlange at saka skal leggjast fram til avgjerd i det overordna organ i tråd med reglement for fagutvala. Mindretalsanke kan ikkje brukast ved klageorganet si behandling av klagesaker.

Ved sida av dei reglar som følgjer av dette reglementet, gjeld økonomireglementet.

2. ORGANISATORISK OPPBYGGING I SULA KOMMUNE

I Lov om kommuner og fylkeskommuner ([kommuneloven](#)) av 25.09.1992 nr. 107, er det to vedtaksnivå. Det er det politiske nivå og det administrative nivå.

2.1. *Pliktige politiske organ:*

[Kommuneloven](#) har følgjande pliktige politiske organ:

- **Kommunestyret**, jf. [§ 6](#)
I Sula består kommunestyret av 29 medlemer
- **Formannskapet**, jf. [§ 8](#)
I Sula består formannskapet av 7 medlemer
- **Ordførar**, jf. [§ 9](#)
Ordførar er kommunens rettslege representant og skriv under på vegne av kommunen i alle tilfelle så fremt ikkje anna er bestemt.
- **Administrasjonsutval**, jf. [§ 25](#)
I Sula består utvalet av formannskapet samt to representantar for dei tilsette
- **Kontrollutval** for tilsyn med den kommunale forvaltning, jf. [§ 77](#), sjå også [Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner](#). I Sula består utvalet av 5 medlemer. Utvalet skal foreta tilsyn med den kommunale forvaltning på vegne av kommunestyret. Kontrollfunksjonen kan ikkje overlatast til andre.

2.2. I tillegg har særlover reglar om følgjande pliktige kommunale organ:

- **Kontrollutval** for alkoholsaker, jf. Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 02.06.1989 nr.27 ([alkoholloven](#)) [§ 1-9](#), [Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.](#) av 11.12.1997 nr. 1292 [§ 9-1](#) I

Sula er utvalet identisk med fagutval for helse og sosial. Utvalet skal kontrollere at alkohollova og vilkåra i dei gitte skjenkerettane følgjast. Det behandlar rapportane frå skjenkekontrollørane, i tillegg til behandling og undersøking i høve klager frå publikum.

- **Valstyre**, jf. Lov om valg til Stortinget, fylkestinget og kommunestyre ([valgloven](#)) av 28.06.2002 nr.57 [§ 4-1](#). Valstyret består av 5 medlemmer (veljast blant formannskapet sine medlemmer og tilpassast regelen om at begge kjønn skal vere representerte med minimum 40%) og har ansvaret for førebuing og gjennomføring av offentlege val. All mynde etter vallova som ikkje er lagt til kommunestyret sjølv, vert delegert til valstyret. Valstyret har høve til vidaredelegering til leiaren, arbeidsgrupper eller rådmannen.
- **Eldrerådet**, jf. [Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd](#) av 08.11.1991 nr.76 [§ 1 1. ledd](#). I Sula har rådet 7 medlemmer. Veljast av kommunestyret, etter at pensjonistforeiningane har uttalt seg. Fleirtalet av rådsmedlemene skal vere alderspensjonistar i kommunen. Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane. Rådet skal behandle alle saker som gjeld levkår for eldre i kommunen og er eit rådgevande organ for kommunen.
- **Forliksråd**, jf. Lov om domstolene ([domstolloven](#)) av 13.08.1915 nr.5 [§ 27 1. ledd](#). Rådet har 3 medlemmer. Veljast av kommunestyret sjølv blant kommunens pålitelege og valbare innbyggjarar over 25 år. Dette er ein del av rettssystemet i Noreg. Rådet gjer avgjersle i tvistar mellom private, og er ikkje ein del av kommunens avgjerdssystem. Avgjersle i forliksrådet har verknad som dom og kan bringast inn for by- og heradsrett.

2.3. *Andre politiske organ:*

Kommuneloven gir også høve til å opprette faste utval ([§ 10 nr.1](#)), komitéar ([§ 10 nr.5](#)), styre for bedrift ol. ([§ 11 nr.1](#)) og interkommunale styre ([§ 27 nr.1](#)) i tillegg til dei pliktige organ.

Sula kommune har valt å opprette følgjande utval, komitéar og nemnder etter [kommuneloven § 10](#):

- **Det faste utval for plansaker**, jf. [plan- og bygningslov av 27.06.08 nr. 71, kap. 3 § 3.3](#), skal ha ansvaret for kommunen si planlegging. I Sula har utvalet 7 medlemmer, og er personidentisk med formannskapet. Det skal lagast eiga saksliste og først eiga møtebok for det faste utvalet for plansaker.
- **Klagenemnd** på 7 medlemmer, personidentisk med formannskapet, jf. Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker av 10.02.1967 ([forvaltningsloven](#)) [§ 28 2. ledd](#). Nemnda skal vere klageinstans for enkeltvedtak gjort av kommunale organ oppretta i medhald av [kommuneloven](#), dersom ikkje andre instansar er klageinstans etter særlov. Klagesaker skal først behandlast av det organ som har gjort vedtak i første instans (administrasjon eller politisk organ), og dersom

dette ikkje gir klagen medhald, skal saka behandlast av klagenemnda. Klagenemnda behandlar saker der det ikkje er lovbestemt klagerett etter forvaltningslova. Klagenemnda har avgjerdsmynde på vegne av kommunen.

- **Fagutval for helse og sosial** på 7 medlemer. Så langt som råd bør minst 2 av medlemene inkl. leiar vere frå kommunestyret, og av desse bør minst ein vere frå formannskapet. Utvalet er også kontrollutval i alkoholsaker.
- **Fagutval for oppvekst** på 7 medlemer. Så langt som råd bør minst 2 av medlemene inkl. leiar vere frå kommunestyret, og av desse bør minst ein vere frå formannskapet. Delar av utvalet er også klagenemnd for barnehageopptak.
- **Fagutval for kultur og folkehelse** 7 medlemer. Så langt som råd bør minst 2 av medlemene inkl. leiar vere frå kommunestyret, og av desse bør minst ein vere frå formannskapet.
- **Råd for likestilling av funksjonshemma**, jf. [Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne av 17.06.2005 nr. 58 § 2](#), jf. [§ 4](#). I Sula har rådet 7 medlemer. Veljast av kommunestyret, etter at interesseorganisasjonar har uttalt seg. Leiaren og nestleiarer av rådet vert oppnemnde av kommunestyret. Rådet skal sørgje for at menneske med nedsett funksjonsevne blir sikra open, brei og tilgjengeleg medverknad i arbeidet med saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld m.a. tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne. Omgrepet nedsett funksjonsevne gjeld også psykiske lidningar. Rådet skal behandle alle saker som gjeld levekår for funksjonshemma i kommunen og er eit rådgjevande organ for kommunen.
- **Fagutval for teknisk område** på 7 medlemer. Så langt som råd bør minst 2 av medlemene inkl. leiar vere frå kommunestyret, og av desse bør minst ein vere frå formannskapet.
- **Likestillingsutval** på 9 medlemer, personidentisk med administrasjonsutvalet. Utvalet behandlar og gir fråsegn i alle saker som har relevans for likestillingsspørsmål. Sjå elles Lov om likestilling mellom kjønnene ([likestillingsloven](#)).
- **Kommunal takstnemnd** på 4 medlemer. Nemnda vert nytta som rådgivande organ i høve kjøp og sal av eigedomar.
- **Namnenemnd** på 8 medlemer. Sjå elles Lov om stadnamn ([stadnamnlova](#)). Nemnda har eige reglement.

- **Ungdomsrådet**, ikkje lovpliktig organ. Veljast av elevråda på ungdomsskolen og vidaregåande skolar. Rådet skal behandle alle saker som gjeld ungdom sine levekår og er eit rådgjevande organ for kommunen.
- **Trafikktryggingsnemnd**, underutval for fagutvalet for teknisk område. Består av 5 medlemer, der av eitt fast medlem som veljast frå anten fagutvalet for oppvekst eller fagutvalet for helse og sosial. Rådgjevande organ i saker som gjeld trafikktryggingsspørsmål.
- **Viltnemnd** på 5 medlemmer. Nemnda er eit underutval under formannskapet og behandlar/førebur saker etter Lov om jakt og fangst av vilt (viltlova) i tråd med eige reglement vedtatt 20.03.14.

2.4. *Administrasjon:*

[Kommuneloven](#) pålegg kvar kommune å ha ein **administrasjonssjef (rådmann)** jf. [§ 22](#) og (tilgang til) ein **revisor**, jf [§ 78](#). Særlover har likevel reglar om andre pliktige tenestemenn eller kompetansekrav i kommunen.

B. DELEGASJON

1. KOMMUNESTYRET SITT MYNDE

Kommunestyret er etter kommunelova sin [§ 6](#) det øvste kommunale organ og gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.

Alle prinsipielle saker og saker om fastsetting av skatt, satsar, avgifter og gebyrar etc. skal kommunestyret behandle og avgjere dersom det ikkje er delegert.

1.1. Saker som kommunestyret i medhald av kommunelova skal behandle og avgjere. Dette gjeld:

§ 7 nr. 3	Endring av kommunestyret sitt medlemstal
§ 8 nr. 1	Val av formannskap
§ 9 nr. 1	Val av ordførar og varaordførar
§ 10 nr. 1-3	Opprette faste utval, fastleggje arbeids- og myndeområde for desse (v/reglement), samt velje medlemmer, varamedlemmer og leiar/nestleiar
§ 11 nr. 1	Opprette særskilt styre for kommunal bedrift, institusjon, o.l.
§ 12 nr. 1-3	Avgjerder om kommunedelsutval
§ 13	Overføre mynde i hastesaker
§ 18 nr. 1 og 3	Innføring og oppheving av parlamentarisme
§ 19 nr. 1 og 3	Innføring og val m.v. av kommuneråd
§ 22 nr. 2	Tilsetjing av rådmann
§ 24 nr. 3	Vedtak om åremålstilsetjing i leiande adm. stillingar
§ 25 nr. 2	Medlemmer og leiar/nestleiar i partssamansette utval
§ 26 nr. 4	Retningslinjer for møterett for tilsette sine representantar
§ 27-1	Opprette interkommunale styre og gi slike mynde til å treffe avgjerd som gjeld verksemda si drift og organisering
§ 28	Overdraging av tariffavtalemynde
§ 28 a-k	Inngå vertskommunesamarbeid
§ 31 nr. 4 og 5	Vedtak om møte "for lukka dører"
§ 39 nr. 1 og 2	Reglar (i form av reglement) for sakshandsaminga i folkevalde organ, delegasjon av mynde og for innstillingsrett
§ 39 a	Ta stilling til innkoma innbyggjarinitiativ
§ 41	Reglar og satsar for dekking av utgifter og økonomisk tap for folkevalde
§ 42	Vedtak om møtegodtgjersle
§ 43	Vedtak om pensjonsordning for folkevalde
§ 44 nr. 3	Vedta økonomiplan og endringar i denne
§ 45 nr. 2	Vedta årsbudsjett og vesentlege endringar i rammene for dette
§ 49	Disponering av rekneskapsmessig overskot
§ 50	Vedtak om låneopptak/godkjenning av låneramme
§ 51	Vedtak om å gje garanti
§ 52	Fastsette reglar for kommunen si finansforvaltning
§ 62	Opprette kommunalt føretak
§ 63 nr. 2	Endre vedtekter til kommunalt føretak

§ 65 nr. 3 og 4 og § 66 nr. 3	Velje styret i kommunale føretak og utpeke leiar og nestleiar
§ 77	Val av kontrollutval
§ 78 nr. 3 og 4	Val av revisjonsordning

- 1.2. Saker som kommunestyret i **medhald av plan- og bygningslova** skal behandle og avgjere. Dette gjeld:

§ 4	Fastsetting av vedtekt
§ 3-2	Ha ansvaret for og leinga av kommuneplanlegginga og arbeidet med reguleringsplanar
§ 11-15	Vedta kommuneplan
§12-12, 12-13 og 12-14	Vedta reguleringsplanar (og behandle klage som får medhald i det faste utvalet for plansaker)
§ 12-2	Ved motsegn behandle utbyggingsplan som reguleringsplan
§ 12-11	Vedta private reguleringsplanar som er avslått fremma av det faste utvalet for plansaker
§ 16-2	Vedtak om oreigning for gjennomføring av regulerings- og/eller utbyggingsplan
§ 16-3	Vedtak om oreigning uavhengig av plan
§ 16-4	Vedtak om oreigning til vass- og avlaupsanlegg
§ 17-2	Vedta bruk av utbyggingsavtale og geografisk område. Kommunestyret skal godkjenne utbyggingsavtalar der kommunen sin plikt til å ta del er vurdert til å verte meir enn kr 1 mill.
§ 28-7, 2.ledd	Gjere vedtak om høve til frikjøp av parkeringsplassar (ordninga oppheva)
§ 21-4, 6.ledd	Fastsette gebyr

- 1.3. Saker som kommunestyret i **medhald av forvaltningslova** skal behandle og avgjere. Dette gjeld:

§ 28, 2. ledd	Vedtak om klageorgan, og val av medlemmer til dette organet. (I Sula er det formannskapet som skal handsame klagesaker om ikkje anna er bestemt).
-------------------------------	---

- 1.4. Saker som kommunestyret i **medhald av andre særlover** skal behandle og avgjere. Dette gjeld m.a.:

- 1.4.1. [Alkohollova](#):
Fastlegging av tal på vinmonopolutsal ([§ 3-3](#))
Tildele faste sals- og skjenkeløyve ([§ 1-7](#))
- 1.4.2. [Lov om motorferdsel i utmark](#):
Eventuell kommunal forskrift ([§ 5](#))
- 1.4.3. [Lov om Den norske kirke](#):

Val av komm.medlem til sokneråd/fellesråd ([§ 6](#) og [§ 12](#))

1.4.4. [Veglova](#):

Vedtak om bygging, opptak eller nedlegging av kommunal veg ([§§ 5-7](#))

1.4.5. Andre lovfesta oppgåver i tråd med til kvar tid gjeldande lovgjeving – opplistinga er ikkje uttømande.

1.5. Saker vedrørende arbeidsgjeverfunksjonen

1.5.1. Kommunestyret skal gjere vedtak i følgjande saker:

- Overordna personalpolitiske retningslinjer
- Tvistar om tolking og praktisering av avtaler, reglement og andre forskrifter som gjeld tilsettings- og arbeidsvilkåra til arbeidstakarane.

2. DELEGASJON - FELLES REGLAR

I medhald av kommunelova sin [§ 10](#), nr. 2 delegerer kommunestyret til formannskapet, det faste utvalet for plansaker, administrasjonsutvalet og fagutvala å fatte vedtak i dei saker som gjeld vedkomande utval sitt arbeidsområde unntatt der avgjerdsmyndet er lagt til kommunestyret sjølv eller er lagt til andre organ.

Det vert delegert til formannskapet, det faste utvalet for plansaker, administrasjonsutvalet og fagutvala i medhald av kommunelova sin [§ 10](#), nr. 5 å opprette underutval til førebuande behandling av saker og til å utføre særskilte verv.

Formannskapet, det faste utvalet for plansaker og fagutvala kan delegere vidare til rådmannen der prinsipielle retningslinjer skal vere fastlagt i delegasjonsvedtaket. Melding om slikt vedtak skal snarast leggjast fram for Kommunestyret.

3. DELEGASJON TIL FORMANNSKAPET

3.1. Delegasjon etter [Kommuneloven](#)

Formannskapet skal etter [§ 8.3](#) behandle forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak.

Formannskapet skal etter behandling i respektive fagutval innstille til kommunestyret for alle overordna planar der desse vedkjem økonomiplanen. Formannskapet forvaltar alle kommunen sine grunneigedomar (ikkje kommunale bygg etc.) på vegner av kommunestyret, og har ansvar for planlegging og rapportering til kommunestyret vedkomande denne forvaltinga. Kjøp og sal av grunneigedom der kjøpesum/salssum er over kr 2.000.000,- eller der formannskapet ikkje har fatta samrøystes vedtak, skal endeleg godkjennast av kommunestyret. I saker der kommunestyret har gjort vedtak om å selje bygningar/ grunneigedom delegerast det til formannskapet å godkjenne endeleg salspris.

Formannskapet er kommunen sitt utval for næringssaker, herunder reiseliv.

I medhald av [§ 8.3](#) delegerer kommunestyret til formannskapet å gjere vedtak i saker unntatt der avgjerdsmyndet er lagt til kommunestyret sjølv eller myndet er lagt til andre organ. Formannskapet behandlar og vedtar utbyggingsavtalar (der kommunen si plikt til å ta del er vurdert til å verte under kr 1 mill.) etter Plan- og bygningslova, [kap.17](#).

Formannskapet skal avgjere alle saker som krev samordna behandling for fleire utval og som ikkje vert avgjort av kommunestyret sjølv.

Formannskapet fastset den totale ramma for lokale lønsforhandlingar.

I medhald av [§ 13](#) får formannskapet delegert utvida mynde i hastesaker.

Formannskapet er kommunen si **valnemnd**, og førebur val og legg fram tilråding til kommunestyret.

Formannskapet er generell **klagenemnd**, jf. Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10.02.1967 ([forvaltningsloven](#)) [§ 28 2. ledd](#). Nemnda skal vere klageinstans for enkeltvedtak gjort av kommunale organ oppretta i medhald av [kommuneloven](#). Nemnda skal vere klageinstans for enkeltvedtak gjort av kommunale organ oppretta i medhald av kommuneloven, dersom ikkje andre instansar er klageinstans etter særlov. Klagesaker skal først behandlast av det organ som har gjort vedtak i første instans (administrasjon eller politisk organ), og dersom dette ikkje gir klagen medhald, skal saka behandlast av klagenemnda. Klagenemnda behandlar saker der det ikkje er lovbestemt klagerett etter forvaltningslova. Klagenemnda har avgjerdsmynde på vegne av kommunen.

3.2. Delegasjon etter særlov

3.2.1. Formannskapet er kommunen sitt **faste utval for plansaker** etter [plan- og bygningslov av 27.06.08 nr. 71, kap. 3 § 3.3](#). Utvalet skal behandle alle saker etter Plan- og bygningslova. Dette gjeld spesielt:

- Behandle forslag til kommuneplanar/kommunedelplanar og fremje desse for kommunestyret, jf. [§ 10-1](#) og [§ 11-15](#)
- Behandle forslag til reguleringsplanar og fremje desse for kommunestyret, jf. [§ 12-12 og 13](#)
- Behandle private forslag til reguleringsplanar og fremje desse for kommunestyret, jf. [§ 12-11](#)
- Vedta utbyggingsplanar, jf. [§ 12-2](#)
- Nedlegge mellombels forbod mot deling og bygging, jf. [§ 13-1](#)
- Fastsette tomtegrenser og plassering av busetnad, høgd og grunnflate ved behandling av tidlegare forslag til deling og søknad om byggeløyve etter at bygge- og deleforbodet er falt bort, jf. [§ 14-5](#)
- Avgjere alle konsesjonssaker, jf. [konsesjonsloven](#)
- Saker som gjeld fagutvalet for kultur og folkehelseutvalet sitt ansvarsområde (natur og friluftsliv og forvaltning av friluftsliv og friareal) skal sendast over til dette utvalet for tilråding før planutvalet avgjer konsesjonssakene.

3.2.2. Administrasjonsutvalet (formannskapet og to representantar for dei tilsette). Etter kommunelova sin [§ 25](#) er administrasjonsutvalet kommunen sitt partssamansette utval og har det mynde som følgjer av dette. Utvalet skal behandle alle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Dette gjeld ikkje saker etter [Arbeidsmiljølova](#). I slike tilfelle er det *Arbeidsmiljøutvalet* som skal behandle saka. I saker der arbeidsmiljøutvalet har avgjerdsmynde, kan eit vedtak i det partsamansette utvalet ankast til formannskapet dersom 2 av medlemene, ordføraren eller rådmannen krev det. Tilsvarande gjeld for dei som møter i staden for ordførar og rådmann.

Administrasjonsutvalet skal førebu følgjande saker til kommunestyret:

- Overordna personalpolitiske retningslinjer
- Tvistar om tolking og praktisering av avtaler, reglement og andre forskrifter som gjeld tilsettings- og arbeidsvilkåra til arbeidstakarane.

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt likestillingsutval.

4. DELEGASJON TIL ORDFØRAREN

4.1. Delegasjon etter [Kommuneloven](#)

Verva som ordfører og varaordfører er nærare regulert i “Reglement for verva som ordfører og varaordfører” vedtatt i K- sak xx/xx

Ordføreren er i medhald av [§ 9.3](#) kommunen sin rettslege representant.

Ordføreren kan oppnemne kommunen sine representantar frå formannskapet til generalforsamling, årsmøte o.l. dersom ikkje anna er bestemt.

Dersom rådmannen er inhabil i ei sak har ordføreren høve til å innstille for politisk behandling. Det skal gå fram av saksframlegget om det er ordfører eller rådmann som har innstilt i saka.

Mynde til å behandle og avgjere søknader om varig eller tidsavgrensa fritak frå politiske verv til er delegert til ordføreren. Vedtak om fritak eller avslag på søknad skal leggjast fram for kommunestyret som referatsak.

4.2. Delegasjon etter særlov

Mynde til å begjære offentlig påtale etter [Straffelova](#), [§ 79](#), vert delegert til ordføreren.

5. DELEGASJON TIL FAGUTVALA

Kommunestyret har oppretta 4 faste fagutval for å skape større breidde og deltaking i politisk viktige saker. Desse utvala er:

- fagutval for teknisk område
- fagutval for oppvekst
- fagutval for kultur og folkehelse
- fagutval for helse og sosial

Utvala pliktar å gjere heilskaplege politiske vurderingar og har totalansvar for forvalting og drift innanfor vedkomande utval sitt ansvarsområde.

Utvala er tillagt direkte innstillingsrett til kommunestyret.

Saker av overordna, prinsipiell og økonomisk karakter, m.a. spørsmål om tilleggsbøyingar, skal via formannskapet.

Fagutvala får tildelt økonomiske rammer av kommunestyret. Fagutvala er tillagt mynde til å gjere korrigeringar innanfor sine budsjettrammer, unntatt vedtak om nye tiltak og vesentleg utviding av igangverande tiltak, eller vesentleg reduksjon av eit tiltak.

Fagutvala pliktar å utarbeide tertialrapportar til kommunestyret om utviklinga i budsjettforbruket.

Fagutvala sitt saksområde og avgjerdsområde omfattar med mindre noko anna er sagt, det som ikkje skal til formannskapet og kommunestyret.

Minimum to representantar i eit fagutval kan i saker der utvalet har avgjerdsrett anke saka opp til endeleg avgjerd i kommunestyret. Det same kan ordføraren og rådmannen, eller den som møter i deira stad.

I folkevalde organ har Eldrerådet og Råd for likestilling av funksjonshemma samt Ungdomsrådet tale- og forslagsrett dersom organet sjølv gir løyve til det.

5.1. Delegasjon til fagutval for teknisk område

Fagutvalet for teknisk område har 7 medlemmer og følgjande saksområde:

- a. ansvar for oppfølging av utbyggingsprosjekt og drift av kommunale bygg og infrastruktur knytt til veg (spesielt trafikktryggleik) og VAR (vatn, avløp og renovasjon, etc.). Utvalet kan delegere til underutval å følgje opp enkeltprosjekt. For utbyggingsprosjekt (investeringar) sjå kap. 9 i økonomireglementet. Både utforming og vesentlege endringar i prosjekt skal leggest fram for brukarane og aktuelt fagutval for innspel.
- b. tenester innan brannvern og miljøvernberedskap (m.a. forureining), samt klima og miljøsaker.

Fagutvalet har fleire viktige lovverk å forvalte. Dei mest sentrale er følgjande:

- [brann- og eksplosjonsvernloven](#)
- [forurensningsloven](#)
- [matloven](#)
- [vannressursloven](#)
- [vass- og kloakkavgiftslova](#)
- [veglova](#)
- [vegtrafikkloven](#)

Fagutvalet for teknisk område er kommunen si **plan- og byggenemnd** og har ansvar for teknisk og økonomisk oppfølging for dei byggeprosjekt som kommunen vedtek å realisere. Fagutvalet har mynde til å opprette underutval for gjennomføring av byggeprosjekt, jf. reglement for byggenemnd vedtatt i K-sak 073/08.

5.2. Delegasjon til fagutval for oppvekst

Fagutvalet for oppvekst har 7 medlemmer og følgjande saksområde:

- grunnskuleopplæring, herunder vaksenopplæring og Norsk for vaksne innvandrarakar
- barnehage
- tiltakseining for barn og unge med tenesteområda pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), barnevern og helsestasjon

Fagutvalet forvaltar hovudsakleg følgjande lovverk:

- [opplæringslova](#)
- [barnehagelova](#)
- barnevernlova
- [lov om kommunale helse- og omsorgstenester, helsetjeneste i skular og helsestasjonsteneste](#)
- [introduksjonslova](#); introduksjonsprogram vaksne

5.3. Delegasjon til fagutval for kultur og folkehelse

Fagutvalet for kultur og folkehelse har 7 medlemmer og følgjande saksområde:

- a. tenester innan kultur, musikk og idrett
- b. natur og friluftsliv samt forvalting av frilufts- og friareal
- c. fagutvalet skal vere eit kontaktledd mot frivillige lag og organisasjonar.
- d. vedta kven som får kommunen sin kulturpris (tildeling i kommunestyret)

Det er delegert til kultur- og folkehelseutvalet å fatte vedtak i saker som gjeld stadnamn, jf. [lov om stadnamn §5](#) og instruks for namnenemnda vedtatt i K- sak xx/xx.

Fagutvalet forvaltar hovudsakleg følgjande lovverk:

- [biblioteklova](#)
- [kulturlova](#)
- [friluftsløven](#)
- [motorferdselloven](#)
- [opplæringslova § 13-6](#) Musikk- og kulturskoetilbod
- [folkehelselova](#)
- Lov om stadnamn §5

5.4. Delegasjon til fagutval for helse og sosial

Fagutvalet for helse og sosial har 7 medlemmer og følgjande saksområde:

- a. tenester innan helsevern og rehabilitering
- b. tenester innan sosial omsorg
- c. tenester innan pleie og omsorg.

Fagutvalet er kommunen sitt kontrollutval i alkoholsaker.

Fagutvalet forvaltar hovudsakleg følgjande lovverk:

- [pasient- og brukerrettighetsloven](#)
- [helse- og omsorgstenestelova](#)
- [lov om sosiale tenester i NAV](#)
- [alkoholloven](#)
- [introduksjonslova](#)

6. DELEGASJON - INTERKOMMUNALT SAMARBEID

6.1 TIL ÅLESUNDREGIONENS HAVNEVESEN

Kommunestyret sitt mynde etter [hamne- og farvatnlova](#) vert delegert til Ålesund-regionens Havnevesen. Sula kommune er representert i Havnerådet.

6.2 TIL NORDRE SUNNMØRE LANDBRUKSKONTOR

Følgjande fullmakter i saker som skal avgjerast administrativt vert delegert til vertskommunen (Ørskog), jf. avtale om interkommunalt samarbeid innan landbruk, vedtatt i K-sak 127/07:

- *Fagsaker (med dette meinast forvaltning av statstilskot og liknande) innan jord, skog, vilt og innlandsfisk – fullt ut.*
- *Forvaltningssaker (med dette meinast forvaltningssaker etter jordlov, plan- og bygningslov, delingslov og andre aktuelle lover) – i samsvar med delegasjonsreglement i den enkelte kommune.*

I saker som skal avgjerast av politisk utval i den einskilde kommune skal landbrukskontoret førebu sakene administrativt.

6.3 TIL ÅLESUNDREGIONEN INTERKOMMUNALE MILJØSELSKAP (ÅRIM)

Sula kommune sine lovpålagte oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam vert delegert til Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap (ÅRIM), jf. selskapsavtale vedtatt i K-sak 004/09.

7. DELEGASJON TIL RÅDMANNEN

Generelt

All mynde etter lov og forskrifter vert delegert til rådmannen så langt dette ikkje er delegert til andre utval, i strid med lov eller forskrift eller ikkje er av prinsipiell art. Rådmannen har mynde til å forvalte årsbudsjettet i tråd med økonomireglementet. Rådmannen treffer sjølv avgjerd om vidaredelegasjon av delegert mynde til administrasjonen. Rådmannen har vidare mynde frå kommunestyret til å peike ut aktuelle fagpersonar til å ivareta forvaltningsoppgåver der det i lovverket vert stilt krav om særskilt kompetanse.

7.1. Delegasjon etter [Kommuneloven](#)

I medhald av kommunelova [§ 23.4](#) delegerast det til rådmannen å gjere vedtak i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell art. Dersom det kan vere tvil om eit vedtak er av prinsipiell art har rådmannen plikt til å gå tilbake til det politiske organ som er tillagt avgjerdsmyndet. Rådmannen får innstillingsrett til - og forslagsrett i - alle utval så langt det er høve til det etter lovgevinga.

Rådmannen har tilvisingsrett for heile kommunen sitt budsjett. Rådmannen sine personlege utgifter vert tilvist av ordføraren. Rådmannen vert gitt mynde til å ta opp lån/refinansiere lån til kapitalformål, der vedtak om låneopptaket er gjort av kommunestyret i årsbudsjett eller etter særskild vedtak, jf. [kommunelova § 50](#).

Med heimel i [kommunelova § 24](#) gjev kommunestyret rådmannen mynde til å omgjere stillingar innanfor den totale stillingsramma. Atterhaldet for slik delegering er at:

- endringane ikkje er i konflikt med mål og prioriteringar i økonomiplanen, eller andre politiske vedtak
- endringane ikkje er av prinsipiell betyding.

Kommunestyret gjev rådmannen elles mynde til å avgjere alle personalsaker der ikkje anna er bestemt i tariffavtalar, hovudavtale, arbeidsmiljølova eller i dette reglementet, såframt desse ikkje er av prinsipiell betyding. Dette gjeld ikkje rådmannen si leiargruppe.

7.2. Delegasjon etter [plan- og bygningsloven](#)

I medhald av [plan- og bygningslov av 27.06.08 nr. 71](#) delegerast det til rådmannen å gjere vedtak i følgjande saker:

1. Byggesaker som gjeld dispensasjonar frå reglane om:
 - høgde, plassering, takkonstruksjon og byggeline.
 - utnyttingsgrad
2. Frådelingssaker som gjeld:
 - dispensasjon frå reguleringsplanen sine vedtekter i spesielle forhold som til dømes tilleggsareal til eigedom gjennom arveoppgjer etc. utan å endre reguleringsformål
 - dispensasjon frå plankravet i arealdelen til kommuneplanen for frådeling og bygging i byggeområda
 - søknader om frådeling/tilleggsareal innanfor arealdelen til kommuneplanen som medfører justering av formålsgrenser opp til 300 m²
3. Bygge- og delesaker i regulerte område der det er tale om mindre justeringar/endingar av tomtegrensene innanfor same formål og som ikkje medfører reguleringsending.

Klage på delegerte vedtak vert å behandle i det faste utvalet for plansaker.

Delegerte vedtak skal leggjast fram som melding til det faste utvalet for plansaker.

4. Gjennomføre sal av mindre, ubygd kommunalt areal til ein verdi av inntil 1 G. Sal skal leggjast fram som referatsak for formannskapet.

7.3. Delegasjon etter [Straffelova](#)

Mynde til å begjære offentlig påtale etter [Straffelova, § 79](#), vert delegert til rådmannen.

7.4. ANNA DELEGASJON

Rådmannen gis fullmakt til å godkjenne anbod (val av entreprenør) innanfor vedtekne budsjettrammer. Dette gjeld ikkje der andre organ har ansvaret.

Alle drøftingar og forhandlingar som gjeld dei lokale oppgjera ut i frå ein på førehand definert ramme og lønsfastsetting i mellombels stillingar samt andre arbeidsvilkår, er delegert til rådmannen. Rådmannen fastset løn ved nytilsetting og i einskildsaker som gjeld å rekruttere og behalde arbeidstakarar. Slike avgjerder går som melding til formannskapet.

Rådmannen vert delegert mynde til å avgjere om tidlegare bortfestet tomt kan seljast. Rådmannen får også fullmakt til å kjøpe/selje/bortfeste/innfeste areal i høve justeringar av målebrev som følgje av godkjent regulerings-/utbyggingsplan. Rådmannen får vidare fullmakt til å kjøpe/selje/bortfeste/innfeste areal som følgje av vedtatt anleggs- og utbyggingsverksemd.

Vedlegg

Revisjon av delegasjonsreglementet

Endring nr.:	Dato:	Vedtak nr.:	Kva er endra:	Oppdatert av:
1	20.03.2014	K-025/14	<i>Viltnemnd – omtale under punkt 2.3</i>	ÅRE 30.06.14
2	20.03.2014	K-027/14	<i>Permisjon/fritak for folkevalde – delegasjon til ordføraren, punkt 4.1</i>	ÅRE 30.06.14
3	20.03.2014	K-030/14	<i>Kjøp og sal av fast eigedom, delegasjon til formannskapet punkt 3.1</i>	ÅRE 30.06.14
4	01.10.2015	K- 082/15	Endring av namn på fagutval/justeringar i ansvarsområde/delegasjon til rådmannen i dispensasjonssaker – utnyttingsgrad.	ÅRE 20.10.15